

## Saksprotokoll i hovudutval for næring - 08.09.2021

### Avrøysting

Fylkeskommunedirektøren sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

### Innstilling til fylkesutvalet

1. Vestland fylkeskommune støttar at vedtektene § 2 siste setning vert endra frå:

*«Selskapet skal arbeide etter forretningsmessige prinsipp med sikte på å oppnå tilfredsstillande avkastning for eigarane.»*

til

*«Selskapet skal ved si verksemd ikkje ha til føremål å skaffe aksjeeigarane økonomisk utbytte, og det skal ikkje utbetalast utbytte frå selskapet. Eit evt. overskot skal nyttast i tråd med selskapet sitt føremål - eigenkapital-investering i bedrifter i Sogn og Fjordane med hovudvekt på bedrifter under skiping og/eller i ein tidleg utviklingsfase.»*

2. Vestland fylkeskommune støttar at vedtektene § 6 vert endra slik at generalforsamlinga ikkje lenger skal handsame utdeling av utbytte som sak på ordinær generalforsamling.

3. Vestland fylkeskommune støttar også framlegget til ny § 7:

*«§ 7 Oppløysing/likvidasjon  
Ved oppløysing/likvidasjon av selskapet skal eigendelane til selskapet tilkome føremålet til selskapet.»*

4. Fylkesutvalet ber fylkeskommunen sin eigarrepresentant om å røyste for endringane når generalforsamlinga handsamar saka.